



Arkivnr: 2019/11996-3

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.11.2019

Energi Vestland - sluttkontingent

Samandrag

Styret for Energi Vestland har kalla inn til ekstraordinært årsmøte, og gjer framlegg om å avvikle foreininga. For å få gjort opp alle krav, er det framlegg om å krevje inn ein sluttkontingent frå medlemene. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr 103 500 frå tilleggsøyvingskontoen.

Økonomi: Det er dekning på tilleggsøyvingskontoen

Klima: Ikkje aktuelt

Folkehelse: Ikkje aktuelt

Regional planstrategi: Ikkje aktuelt

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 103 500 som sluttkontingent til Energi Vestland i samband med avvikling av foreininga.

Budsjettendring:

Art	Stad	Tekst	Meirutg.	Mindreutg.
11953	120 910 00	Kontingentar	103 500	
14900	720 200 00	Tilleggsøyvingskonto		103 500
			103 500	103 500

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.11.2019

Styreleiar i Energi Vestland har kalla inn til ekstraordinært årsmøte den 26. november 2019. Saka som skal handsamast er plan for styrt avvikling av foreininga.

Det vert lagt fram slikt forslag til vedtak:

Det ekstraordinære årsmøtet slutter seg til styrets plan for styrt avvikling av Energi Vestland.

Styret har i forkant gjort slike vedtak:

01.11.2019, sak 27/19: Styrt avvikling av Energi Vestland:

«Styret vedtar enstemmig å innkalle til et ekstraordinært årsmøte 26. november kl. 16 for å fremme forslag om styrt avvikling. Styrets leder får mandat til å fremlegge en plan for en ryddig styrt avvikling av Energi Vestland på vegne av et samlet styre».

08.11.2019, sak 31/19: Plan for styrt avvikling av Energi Vestland:

«Styret vedtar plan for styrt avvikling av Energi Vestland».

I vedtektene står det følgjande om oppløysing:

§ 11. Oppløsing

Årsmøtet kan oppløse Energi Vestland. Vedtak om oppløsing krever 2/3 flertall. Dersom det ved en oppløsing av Energi Vestland fremdeles er tilgjengelige midler i organisasjonen, skal årsmøte la disse tilfalle prosjekt som er i samsvar med formålet til Energi Vestland.

I planen for styrt avvikling er det lagt til grunn at foreininga skal gjere opp alle krav. For å makte dette, er det foreslått å krevje inn ein «sluttkontingent» frå medlemene. Hordaland fylkeskommune sin del av sluttkontingenten vert kr 103 500. Fylkesrådmannen rår til at denne summen vert løyvd frå fylkesutvalet sin tilleggslyøvingskonto.